

Dato: tirsdag 21. mai 2024

Til: Vitenskapskomiteen for mat og miljø
vkm@vkm.no

Kopi *Folkehelseinstituttet*
folkehelseinstituttet@fhi.no

Den nasjonale forskningsetiske komiteen for naturvitenskap og teknologi
post@forskningsetikk.no

Klage på VKM-rapport for brot på forskningsetiske retningslinjer - Utsetting av fasaner og rapphøns for trening av fuglehunder - konsekvenser for biologisk mangfold, dyrevelferd og dyrehelse

KLAGEN ER RETTET OG REVIDERT FRÅ DEN OPPRINNELIGE SENDT 24 APRIL 2024

Vitenskapskomiteen for mat og miljø (VKM) har stor makt. På heimesida til VKM står: «VKM er en uavhengig og tverrfaglig vitenskapskomité.. (som) .. sikrer at myndighetene får uavhengige vitenskapelige risikovurderinger». Då Fuglehundklubbens Forbund (FKF) såg at VKM-Rapport 2022:32 «Utsetting av fasaner og rapphøns for trening av fuglehunder - konsekvenser for biologisk mangfold, dyrevelferd og dyrehelse» var tendensiøs, mangelfull og lite vitenskapleg, fekk dei ei anna forskargruppe til å evaluera det same (Jahren m. fl. 2023). Ved vidare handsaming av søknader om løyve til utsetjingar har styresmaktene berre teke omsyn til VKM-rapporten og neglisjert den andre, korrekte vitenskaplege rapporten, som vert oppfatta som eit partsinnlegg. FKF ser seg difor tvunge til å klaga Miljødirektoratet, Mattilsynet og forfattarane av VKM-rapporten for å ikkje fylgja *Dei forskningsetiske retningslinene for naturvitenskap og teknologi*. I punkt 4 står: «*Redelighet, sannferdighet og etterrettelighet er grunnleggjende forskningsetiske krav*». FKF meiner at desse punkta ikkje er oppfylt i arbeidet med å evaluera verknaden av å setja ut rapphøns og fasanar.

Fyrst vil FKF visa at bestillingsbrevet frå Mattilsynet og Miljødirektoratet er mangelfullt. Dei har berre bede om å finna negative fylgjer av utsetjingar, sjølv om utsetjingar slikt FKF vil gjera det, fører til restaurering av i Noreg trua habitat. Mattilsynet og Miljødirektoratet har vidare bede om at rapporten skal skrivast på engelsk sjølv om lesarane er norske byråkratar, norske motstandarar og norske tilhengjarar av utsetjingar, norske fuglehundfolk, norske naturinteresserte og norske politikarar. Når rapporten er skriven på tungt vitenskapleg engelsk, vil dei fleste med interesse for saka berre les oppslaget på VMK si nettside utan å lesa den engelskspråklege rapporten.

Difor tek FKF utgangspunkt i utvalsleiaren sine påstandandar som står på heimesida. FKF vil visa at prosjektleiaren seier noko anna og meir negativt enn det som står i rapporten, noko som demonstrerer at ho er ugild. Deretter vil FKF visa korleis dei ulike påstandane på heimesida bryt med punkt 4 i *Dei forskningsetiske retningslinene*. FKF vil kommenter korleis VKM-rapporten har halde seg til punkt 15 i retningslinene om kontakt med andre kunnskapsbærarar før FKF vil konkludera og stilla spørsmål til Den nasjonale forskningsetiske komiteen for naturvitenskap og teknologi om VKM er namnet vitenskapskomité verdig.

Rapphøns er regionalt utrydda frå Noreg. Om dei får gjenetablere seg, og om fasanar etablerer seg, har lita betyding for biologisk mangfald eller for mange menneske i Noreg. Langt viktigare er tiltrua folk har til Mattilsynet, Miljødirektoratet og rapportane VKM gjev ut samt til utdraga på heimesidene til VKM. Difor finn FKF det særst interessant om dei lærde i Forskingsetisk utval har same forskingsetikken som dei lærde som har skrivne VKM-rapporten, eller same etikken som lekfolka i FKF.

Bestillingsbrevet frå Mattilsynet og Miljødirektoratet

Alt i bestillingsbrevet syner Mattilsynet og Miljødirektoratet at dei vil finna argument mot å tillata oppdrett og utsetjing av fasanar og rapphøner. 1) Dei vil ikkje ha vurdert eventuelle positive sider ved habitatåtgjerder og lovleg predatorbekjemping ved utsetjingar. 2) Dei bestiller ein rapport om skadeverknader på engelsk med norsk samandrag. Punkt 17 i *Dei forskingsetiske retningslinene* slår fast at forskingsinstitusjonen og dei involverte forskarane skal sikra openheit og vitskapleg kvalitet i oppdragsforskning. Det er difor, men ogso heilt generelt ikkje lett å skjønna kvifor rapporten måtte skrivast på teknisk engelsk for norske politikarar, norske byråkratar, norske oppdrettarar, norske forkjemparar og norske motstandarar av oppdrett og utsetjing. Konsekvensen er at dei fleste norsktalende las berre det norske samandraget på heimesida til VKM og ikkje den engelske rapporten som samandraget byggjer på. Språkløva seier noko om bruk av nynorsk og bokmål. Språkløva og *Forskingsetiske retningsliner* burde seia noko om kva språk som skal nyttast når rapportar skal skrivast for norskspråklege lesarar. Det er lett for lekfolk å tru at Mattilsynet og Miljødirektoratet nytta teknisk engelsk som hersketeknikk for at lekfolk ikkje skal lesa – og på det viset ikkje oppdaga kva dei norske konklusjonane byggjer på.

Konklusjon: Mattilsynet og Miljødirektoratet har gjennom bestillingsbrevet kuttet ut positive verknader av utsetjingar og gjort lesnaden for nordmenn med norsk morsmål vanskeleg. Resultatet er at politikarar og andre lekfolk berre vil lesa om negative konsekvensar på heimesida til VKM. Bestillingsbrevet er eit godt døme på ein hersketeknikk for å hindra lesing og vri oppfatninga til lekfolk i den retning oppdragsgivar ynskjer.

Ugild utvalsleiar

I oppdragsbrevet frå Mattilsynet og Miljødirektoratet ordlyden: «*Vurdering av risiko for naturmangfold, dyrevelferd og dyrehelse ved utsetting, oppdrett og innførsel av fasan og rapphøns i Norge*». På den norske heimesida er tittelen: *Utsetting av fasaner og rapphøns for trening av fuglehunder - konsekvenser for biologisk mangfold, dyrevelferd og dyrehelse.* Spørsmålet er kvifor VKM på heimesida som folk les, tek med føremålet trening av fuglehundar. FKF lurar på om VKM-konklusjonane ville vore annleis om føremålet hadde vore eit anna. Har utvalsleiaren langt inn føremålet med utsetjingane for å avleia lesaren frå å tru at FKF ynskjer å betra habitatet slik at rapphøner skal kunna re-etablere seg og fasanar etablere seg i Noreg?

I oppslaget på heimesida seier Eli K. Rueness, fagleg leiar for arbeidet :

«Risikoen for negative økologiske konsekvenser kan være spesielt stor for sårbare arter som finnes i områdene hvor fasaner og rapphøns settes ut».....«Det gjelder blant annet gulspurv som er klassifisert som sårbar på den norske rødlista. Bestanden er i nedgang på grunn av dårlig tilgang på mat om vinteren».

(<https://vkm.no/risikovurderinger/allevurderinger/utsettingavfasanerograpphonsfortreningavfug>)

[lehunderkonsekvenserforbiologiskmangfolddyrevelferdogdyrehelse.4.27e32b4a180c20075ae5f4e5.html](#), sett 13. mars 2024).

I det norske samandraget i rapporten (side 11) står: «*Risiko for økt konkurranse om mat vinterstid med fugler som har lignende økologisk nisje som fasaner og rapphøns, er lav på nasjonal skala og moderat på lokal skala. Det gjelder spesielt gulspurv, Emberiza citronella. Denne arten er klassifisert som sårbar på den nasjonale rødlisten grunnet økende nedgang i bestanden, som igjen er forårsaket av redusert tilgjengelighet av mat om vinteren*».

Leiar i utvalet, brukar ordet «stor» om risikoen for at fasanar og rapphøner et maten til gulspurv, rapporten skriv risikoen er låg og moderat. Leiaren av utvalet er ikkje reieleg og sannferdig. Rapporten vart publisert 30.11. 2022. Per 13. mars 2024 har ingen lagt merke til svindelen. Dette er eit sterkt indisium på at engelskspråkleg rapport fører til at lesaren vil lesa heimesida og ikkje rapporten. Utvalslaiaren har dermed fått lesarane til å tru at ein låg til moderat risiko er ein stor risiko. Dette er reinspikka svindel som er svært skadeleg for omdømet til VKM. Når lekfolk omsider oppdagar svindelen, vil dei straks missa tiltrua til at leiaren er gild. Folk flest vil tenkja at utvalslaiar Eli K. Rueness i utvalsarbeidet ikkje berre har feilsitert rapporten, men ogso har misbrukt leiarstillinga til å vri rapporten meir negativ enn andre medlemmer av utvalet i utgangspunktet tenkte. Å endra låg og moderat risiko til stor risiko er øydeleggjande for truverd det til VKM og kan nøra tru på konspirasjonsteoriar. Pielke (2007) skriv om 4 ulike rollar forskarar kan velja. Dei kan velja å vera 1) ein rein grunnforskar, 2) ein vitskapleg oppmann, 3) ein ærleg meklar av politikk-alternativ eller 4) ein advokat som alle veit er ein advokat for eit spesielt syn.

Ei femte rolle må forskarar ikkje velja, å stå fram som ein nøytral grunnforskar, medan forskaren i røynda er ein løynd advokat for sitt eige eller ein organisasjon sitt syn. Organisasjonen NOAH-for dyrs rettigheter var ein av organisasjonane som ville få slutt på fuglehundtrening på rapphøner og fasanar. Prosjektleiari Maria G. Asmyhr var betalende medlem i NOAH, noko VKM har stadfesta skriftleg til FKF. VKM-rapporten og utdraget på heimesida viser at utvalslaiaren (i rapporten «Project leader») er løynd advokat for NOAH. Det er tidlegare hevda at Eli K. Rueness (i rapporten «Chair of the project group») var betalende medlem av NOAH, noko det ikkje skal vera grunnlag for. FKF undrast på om vitskapskomiteen VKM har ignorert eller ikkje oppdaga at leiaren er ein løynd advokat. Er VKM ein vitskapskomité eller ein politisk reiskap?

Punkt 4 i Dei forskningsetiske retningslinene: Redelighet, sannferdighet og etterrettelighet er grunnleggjande forskningsetiske krav.

Her går FKF gjennom dei ulike påstandane slik dei er skrivne på VKM si heimeside som folk les. FKF har nummerert påstandar på heimesida i rekkjefylgje.

Påstand 1. Risikoen for negative økologiske konsekvenser kan være spesielt stor for sårbare arter som finnes i områdene hvor fasaner og rapphøns settes ut.

VKM-rapporten skriv at det ikkje er forskingsdata frå Noreg og lite frå andre land som viser at rapphøner eller fasanar har negative konsekvensar for andre arter, og at ekspertane difor må tippa på negative konsekvensar på andre arter. Dei viser til Westemeier et al. (1998) som fann at ringfasan kan leggja egg i reira til stor præriehøne, og forfattarane av VKM-rapporten meiner at

fasanar kan forstyrre innfødde fuglearter ved å leggja egg i reira deira og forstyrre dei slik at det vert meir eggpredasjon. FKF lurar på kva arter av bakkehekkande fuglar sine reir fasanar kan leggja egg sine i? Det er forskingsmessig uetisk å nemna dette som ein risiko dersom VKM-forfattarane heller ikkje ein gong kan tenkja seg kva arter dette skulle gjelda.

VKM-forfattarane fantaserer vidare. Dei tenkjer seg at fuglane vil vera aggressive mot og konkurrera om maten med vipe, storspove og åkerrikse. Dette er tankar i hovudet til forfattarane, ikkje observasjonar frå naturen. VKM-forfattarane tenkjer vidare at særleg gulsporv kan verta utsette for matkonkurranse frå fasanar og rapphøner om maten om vinteren utan å presentera data på at det er tilfelle. Her er det tydeleg at mandatet til VKM-utgreiarane var alt for snevert. Dei tek ikkje omsyn til at FKF vil ved framtidige utsetjingar vil gjennomføra ulike åtgjerder. Her er det naturleg å visa til åtgjerder for å få att fjellrev i område der arta har døydd ut. Tiltaka er oppdrett, utsetjing, fôring og raudrevbekjemping for å ta vare på fjellrev. Skal Noreg få att rapphøns, må i tillegg leveområda forbetrast med habitattiltak. FKF vil, og har alt saman med bønder gjort tiltak for å forbetra leveområda for alle artene. Mellom anna vil det verta sett att striper med korn som ikkje vert hausta. Planen er å restaurera rapphønshabitat som VKM-rapporten skriv er trua (VMK-rapporten Punkt 1.7 side 26). Ein artikkel viste at gulsporv var den arta som mest nytta seg av fôringsplassane til orrfugl (Marjakangas 1986). Gulsporv brukar meir fôringsautomatar i område der det er gjort habitattiltak for fasan enn i område utan habitattiltak. Sjølv om oppdragsgivarane ikkje bad om positive verknader av å få rapphøner og fasanar attende, er det forskingsmessig uetisk å utelata dette. Habitatforbetring og lovleg bekjemping av eggpredatorar vil betra overlevinga og reproduksjonen til bakkehekkarar som vipe, storspove og åkerrikse. Dei positive fylgjene for anna vilt er understreka av rapport frå den britiske ornitologiske foreininga (Madden & Sage 2020).

VKM-rapporten (side 48) viser til engelske artiklar som seier at frøetande fuglar *kan* verta utsett for negativ konkurranse om føda frå fasanar. Her er forfattarane ærlege nok til å seia at tettleiken som vert sett ut i Europa er mykje høgare enn i eventuelle utsetjingsområde i Noreg, og at de økologiske effektane ikkje kan samanliknast. Dei skriv likevel ikkje at det årleg i UK vert sett ut 57 millionar fasanar og raudhøner i tettleikar opp til 1000 individ per ha. Det blir i Noreg søkt om utsetjing av under 10 000 rapphøner og fasanar. Med dei britiske tettleikane der fuglane er vist å ha verknad på habitatet, ville alle dei utsette norske fuglane fått plass på 100 da! Det er både misvisande og ureieleg å bruka rapportar frå område med slike tettleikar for å seia noko om tilhøva med norske utsetjingar.

VKM-forfattarane synsar vidare om at fasanar og rapphøner kan konkurrera om maten med trekkfugl. Dette er syensing, og om ein tek omsyn til storleiken på Noreg og på aktuelle utsetjingsområde med habitatforbetring og lovleg predatorbekjemping, er det sludder. Påstand 1 er elendig underbygd.

Påstand 2. Vurderingen viste at det er moderat risiko for at utsetting kan ha negative effekter på flora og virvelløse dyr

Alle referansar om verknaden av fasanar på virvelløse dyr og krypdyr kjem frå undersøkingar i område med massiv utsetjing. Det er innlysande at 1000 fasanar per ha vil ha store verknader. Å setja risikoen for at aktuelle tettleikar i Noreg skal ha nokon som helst risiko for negative effektar på flora og kvirvelløse dyr er ikkje basert på data og er ureieleg og ikkje sannferdig. Det er for lekfolka i FKF merkeleg at meritterte økologar kjem til andre konklusjonar enn at risikoen er minimal.

Påstand 3. Indirekte kan aktiviteter knyttet til utsetting av fasaner og rapphøns føre til moderat risiko for endringer i forekomsten av rovdyr

VKM-rapporten siterer kjelde på 1) at utsetjing av fuglar kan vera ei næringskjelde som aukar rovdrymengda, 2) at habitatfremjande tiltak kan auka rovdrymengda ved å auka høveleg habitat og naturleg byttedyr, og 3) predatorbekjemping kan påverka predatorpopulasjonane. Ut av dette trekkjer rapporten at det er moderat risiko for endringar i førekomsten av rovdyr – som om at dette er negativt for biodiversiteten! For det fyrste burde VKM-rapporten ha tenkt ut kva for rovvilt som ville vorte påverka av utsetjingane. Det mest aktuelle rovviltet som kan verta påverka er raudrev og hønehauk. Hønehauken har om sumaren alt god tilgang på ringduer, trast og masse ungfuglar av ulike arter. Det er vanskeleg å sjå at utsette fuglar i aktuell målestokk vil kunna påverka hønehaukbestand eller produksjon om sumaren. Om vinteren vil bestanden av rapphøner og fasanar vera låg, og FKF er samd i at det er sannsynleg at nokre, særleg unge, raudlista hønehaukar vil kunna jakta fasanar og rapphøner i staden for skogsfugl og hare i skogen. Det er vanskeleg å sjå kva andre arter enn fasanar og rapphøner dette skulle gå ut over. Men dersom det er eit problem om nokre få ekstra hønehaukar skulle overleva, er det for lekfolka i FKF vanskeleg å forstå at haukane er raudlista? At raudrevbestanden skulle verta begrensa, vil vera til fordel for alle bakkehekkarar og småvilt. At det er ein moderat risiko for ein ørliten auke av raudlista hønehauk og minska raudrevbestand vert framstilt som negativt, er merkeleg. Har folk som arbeider for VKM gjennom utdanninga på universiteta fått andre grunnleggjande verdiar enn andre folk?

Påstand 4. Dette er fleire påstandar som FKF svarar på samla.

Påstand 4.1. Når det gjelder dyrehelse og dyrevelferd, konkluderer VKM med at det for de mest smittsomme sykdommene kan være høy risiko for overføring av sykdom til ville fuglebestander. Disse sykdommene kan spre seg mellom besetninger av fasaner og rapphøns, særlig ved gjentatt kontakt.

Påstand 4.2. Vår konklusjon er at import og utsetting gir økt risiko for innførsel og spredning av blant annet fugleinfluenza og Newcastle Disease i Norge. Risikoen øker med omfanget av fugler som settes ut.

VKM-rapporten dokumenterer at det finns veldig mange sjukdomar på fugl rundt om i verda. Nokre er både smittsame og farlege. Dei skriv at ingen er oppdaga på fasanar eller rapphøner gjennom tidene i Noreg. Likevel synsar dei seg fram, utan data, til at det er stor risiko for at ville fuglar vert smitta av utsette fuglar i den skalaen som er aktuell i Noreg. Dette er synsing, det vert ikkje lagt fram data eller observasjonar som viser at dette er sannsynleg. FKF ville importert fugl som var kontrollerte av veterinær før import, og veterinærar ville kontrollera fuglar før utsetjing. FKF har ikkje klart å finna i den vanskelege engelske teksten at veterinærar ikkje kan oppdaga om fuglar er smitta før import eller utsetjing.

Eit sentralt punkt som heilt er utelate i VKM-rapporten, er norsk regelverk for transport, smittevern, oppdrett osv. Risikodempende faktorar, som søkjarane må gjennomføra i samsvar med norsk lov, må hensyntas. Vurderinga av smitterisiko er eksempelvis heilt blotta for alle smitteverntiltak som verksemdene gjennomfører og smittevernsregimet som Mattilsynet vil setja i verk ved smitterisiko. VKMs konklusjon er derfor misvisande og villeiande.

Påstand 7 er fleire påstandar som FHF svarar på samla.

Påstand 7. 1. Ifølge vurderingen er alle forhold i forbindelse med utsetting en velferdsmessig belastning for fasaner og rapphøns.

Påstand 7.2. Å vokse opp i et unaturlig miljø uten foreldre bidrar til å svekke evnen til å klare seg i naturen, og eksponering for jakthunder medfører frykt.

Påstand 7.3. Vi konkluderer med at dagens praksis med transport, hold og utsetting er lite forenlig med god dyrevelferd,

Målet til FKF er å etablere ville bestandar, og velferda til fasanar og rapphøner er ut frå både etikk og mål svært viktig. FKF har observert fuglehald og bruk som ikkje har vore god fuglevelferd, og har utarbeidd regelverk som sikrar høg standard. Dyrevelferd, tilvenning til miljøet vart difor teke inn i «*lavlandsinstruksen*» som FKF fekk utarbeida, og som gjeld frå 14. mai 2018.

Statsforvaltarar i fleire fylke oppmodar og gir økonomisk støtte til jordbrukarar i regionale miljøprogram til å etablere blomsterstriper og viltåkrar som hjelper pollinatorene i jordbrukslandskapet med å finna nektar og pollen. Bakkehekkende fugl som rapphøns er ein særskild viktig art i europeisk fauna og alle land rundt oss har program for å støtta populasjonen av rapphøns.

Livet kan likevel vera ei velferdsmessig belastning for mange, både for folk og vilt. Dei fleste hønsfuglar vert drepne i egget, som kyllingar og etter kvart resten som vaksne. For å bøta på dette er artene raske r-selekterte slik at få overlevande fuglar raskt kan få opp att bestanden når mange dør. To rapphøner kan etter 3 forplantingar auka til over 400 om alle fekk leva. Overlevinga i oppdrett er svært mange gonger høgare enn i naturen, særleg fordi oppdrettsfugl er verna frå rev, mår, katt, mink, kråkefugl og andre arter som et egg og kjuklingar fram til dei vert sette ut. Utfordringa er overlevinga etter utsetjing. Mange av dei som i naturen ville vorte drepne som egg og små kyllingar, vert drepne etter å ha fått oppleve eit lenger og tryggare liv i fangenskap. Dødsfall er utsett frå egg- og småkyllingstadium til storkyllingstadium.

Utsetjingar krev kompetanse. FKF har søkt den beste kompetansen frå Sverige og Danmark, og vil setja i verk dei åtgjerdene som trengs for at fuglane skal leva lenge. VKM har ikkje vurdert om utsetjingar slik FKF vil gjera det er ei velferdsmessig belastning større enn belastninga til ville fuglar, men mot ei ideell verd utan velferdsmessige belastningar.

VKM-rapporten skriv om frykt. Frykt er ei vesentleg kjensle for at ville byttedyr skal overleva. Noko frykt ligg i genane, anna frykt kan vera lært. Å verta utsette for fuglehundtrening er ikkje dødeleg og vil trenge fuglane i å unngå pattedyrpredatorar (anti-predator åtferd). FKF oppfattar teksten om frykt i VKM-rapporten side 80 som merkeleg. Det er merkeleg at universitetsutdanna forskarar trur at frykt er uheldig i naturen. Utan frykt ville til dømes alle villreinar vore daude.

Påstand 8. Ogso her er fleire påstandar.

Påstand 8.1. Det mangler systematiske, fagfelleverderte, empiriske studier av alle aspekter knyttet til hold, transport og utsetting av fasaner og rapphøns i Norge, og konklusjonene er beheftet med usikkerhet.

Påstand 8.2. Det mangler kunnskap om velferd hos viltlevende fugler fordi det ikke er gjort omfattende, systematiske studier av behovene til slike fugler.

Påstand 8.3. Det er også begrenset med kunnskap om hvilke effekter sykdomsspredning og/eller økt nivå av sykdomsfremkallende bakterier har på ville fuglebestander.

Endeleg påstår VKM-rapporten noko som er sant. Sjølv om forfattarane av rapporten veit dette, har dei synsa seg fram til utsetjing av fasanar og rapphøner er skadeleg i samsvar med dei underliggjande haldningane som vert vist i bestillingsbrevet og haldningane til utvalsleiaren.

Om dialog med andre kunnskapsbærarar

I punkt 15 i *Dei forskingsetiske retningslinene* står: «Forskeren bør, der det er relevant, gå i dialog med andre kunnskapsbærere».

Oppdrett, habitatforbetring, fôring, lovleg rovdryrbekjemping og utsetjing av rapphøner og fasanar er ein profesjon med århundrelange tradisjonar. I bestillingsbrevet vert det vist til besøk hjå oppdrettarar. Det er i VKM-rapporten likevel ikkje vist til dialog med andre kunnskapsbærarar. Forskingsetisk retningsline punkt 15 er ikkje teke omsyn til frå bestillar eller utførarar. Kontakt med andre kunnskapsbærarar kunne luka ut nokre feil. Ikkje minst når VKM-folka skulle vurdere spørsmåla under Påstand 9, kunne dei gjort seg stor nytte av kunnskapen til norske fagmiljø (universitet og høgskular) og profesjonelle oppdrettarar. Men dei føretrekte å synsa.

Konklusjon

FKF meiner at følgjande er vist:

1. Bestillingsarbeidet som VKM sende inn, vert ikkje sett på som eit bestillingsarbeid av bestillarane, medan det solide arbeidet frå Høgskolen i Innlandet vert sett på som eit bestillingsbrev, og har difor ikkje vorte teke omsyn til ved søknader om utsetjing av fugl.
2. Bestillingsbrevet frå Mattilsynet og Miljødirektoratet spør ikkje etter alle konsekvensar, men berre for risikoen for negative konsekvensar for biologisk mangfald. Bestillinga er difor ikkje opplysende, men mangelfull.
3. Å bestilla ein vitenskapsspråk på engelsk vitenskapsspråk kan oppfattast som ein hersketeknikk for å hindra interesserte i å oppdaga grunngevingane for konklusjonane.
4. Leiar av VKM-komiteen viser at ho var ugild ved å lyga på heimesida som folk les og prosjektleiar laug om medlemskapen sin i NOAH.

5. Der det er lite data frå Noreg, er brukt data frå område der det vert sett ut 1000 fuglar per ha. I heile Noreg er det snakk om å setja ut mindre enn 10 000 fuglar. Konklusjonane frå disse studia kan difor ikkje samanliknast med eller overførast til norske tilhøve.
6. VKM har ikkje hensyntatt eller konsultert Norske fagmiljøer og/eller fagpersonar.
7. VKM-rapporten synsar mykje, men på heimesida til VKM tykkjest dei sikre på dei negative konsekvensane.
8. At det kan verta mindre rev og eventuelt litt meir raudlista hønsehauk vert sett på som ein risiko for biologisk mangfald.
9. Det er ikkje teke omsyn til korleis utsetjing av fugl vil verta organisert.
10. Det er ikkje teke omsyn norsk regelverk for transport, smittevern og oppdrettog til at veterinærar vil kontrollera fuglar ved innførsel og utslepp.

Spørsmål til *Den nasjonale forskningsetiske komité for naturvitenskap og teknologi (NENT)*

FKF lurer på om *Den nasjonale forskningsetiske komiteen* for naturvitskap og teknologi finn dei 10 punkta over i samsvar med *Dei forskningsetiske retningslinene*. Det er ikkje i samsvar med dei etiske prinsippa til Fuglehundklubbenes Forbund.

Med vennlig hilsen
for
Fuglehundklubbenes Forbund



Torstein Dehn
Leder

Kjelder

Jahren, T., Lian, M. & Willebrand, T. (2023). Evaluating effects from releasing hand-reared common pheasant (*Phasianus colchicus*) and grey partridge (*Perdix perdix*) on biological diversity and animal welfare in Norway. Høgskolen i Innlandets oppdragsserie 2023 (13) s. – HINN.

Madden J.R. & Sage, R.B. 2020. Ecological Consequences of Gamebird Releasing and Management on Lowland Shoots in England: A Review by Rapid Evidence Assessment for Natural England and the British Association of Shooting and Conservation. Natural England Evidence Review NEER016. Peterborough: Natural England.

Marjakangas, A. 1986. On the Winter Ecology of the Black Grouse, "Tetrao Tetrix", in Central Finland. University of Oulu.

Pielke, R. A. 2007. The honest broker. Cambridge University Press.

<https://doi.org/10.1017/CBO9780511818110>